Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 | Fylke: Nordland
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Hattfjelldal
Emne: Ard og plog | Bygdelag: Røsvatn
Oppskr. av: Are Tustervatn | Gard: Tustervatn
(adresse): Hattfjelldal | G.nr. 68 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter andre sine røynsler

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Lars Torberli fødd 1862 og Jakob Kvalbukt fødd 1858 begge bur ved Røsvatnet og er kårmenner.

SVAR

1. Plog er brukt i bygda, men ikkje ard.

2. Ein mylda kornet ned med grev og stundom river.

3. For å slå opp rader når ein sette poteter bruka ein grev og markør som ein drog. Markøren gjorde 2 og 3 rader i gongen.

4. Arden på fig 1–3 er heilt ukjende.

5. Skjaker av fig. 4 er ikkje brukt.

6. Nei. Skjakene til plogar kallast plogsjeker

7–8. Nei.

9. Ordet ard er bruka om trekant harv av jarntinder, og dei kallast for <u>al</u> med tjukk l.

10. 11–12. Nei

1597

13. No brukast det berre fabrikksmidde plogar. Og det er vel over 30 år sidan ein bruka heimegjorde plogar som var laga av smedar i bygda eller dei gjorde kvar åt seg sjölve.

14. Plog fig. 8 var ikkje brukt i bygda. Veltefjöla var av tre, men „beslått" av platejarn. Aurskida kunne vera både platejarnbeslått og ikkje.
Plogen og veltefjöla var likeins som fig. 11. og var brukt her.

15. Dei fleste hadde vel med ein spade på åkeren når dei plögde, men elles så reinska dei plogen og veltefjöla med stein som dei plögde opp.
Var det jarnspade dei hadde med kallast det jarnspade. Men den förste tida var det berre trespadar eller rakor som dei sa.

16. Ved tomkjöring velta ein plogen på flatsida, ikkje på veltefjöl-sida.

17. Ja der var ein kloss på åsen som lyfta plogen frå marka ved tomkjöring.
Ein hadde ikkje noko serskilt namn på klossen.

18. Det var ikkje vanleg at ein hadde både högre- og vinstreplog på gardane.
Berre nokre få hadde vinstre plogar

1597

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

18. i staden for högreplog.

19. Djupna kunne vel vera om lag ei tverhand som dei plögde.
Ein regulerte ho med ein slegesko som ein kalla for moldfot; på bygdemål möllfot.

20. Der var restel på desse plogane.

21. Nei, ein hadde ikkje nokon plog for å ta det loddbeine snitt i jorda med bere restel, for så sidan å koma på nytt med plöyinga.

22. Det hende at dei köyrde plogen på slede når dei for heimanfrå og skulle plöya; men då måtte landet vera steinut og ulendt så det ikkje let seg gjera å köyra plogen på sida - klossen, av di han då ikkje ville tola påkjenninga.

23. Falkenstenplogen fig. 12 er ukjend.

Plog og ard er hankjönn i bygdemålet, og uttalast for plog og al med tjukk l. Al var trekantharvene kalla. Sjå under 9.
I Sörfjell i Korgen sa dei når dei harva at dei ala.
Ved Rösvatnet har dei sagt at dei harva.

1597
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING